

## Referat fra FAU Gol skule 27.januar 2021

<b>TID OG STAD</b>	Teams	27.januar kl. 18.00
<b>MØTTE:</b>	Morten Lien, Jørn Magne Forland, Aasha Katrine Bergman, John Bjella, Erik Bøe, Elin Flaget, Ingunn Haaverstad, Alexandra Haugstad, Jarl Eirik Lillehei, Line Marie Nielsen, Lars Oust, Kristin Personbråten, Heidi Åmellem Ringstad, Helene Rudningen, Endre Ekse Svang, Sindre Sato Stavn og Tove Krusedokken	
<b>NESTE MØTE:</b>	<b>27.april 2021</b>	<b>REFERENT:</b> Tove Krusedokken

<b>SAK</b>		<b>Ansvar og frist</b>
<b>Infosaker</b>	<p>Det foregår ein del undersøkingar på skula denne hausten/vinteren.</p> <p><u>Elevundersøkelser:</u></p> <p>1.-4.trinn har sin eigen og vart gjort i samarbeid med heimen. 5.-10.trinn har brukt UDIR sin standard. Her svarte elevane anonymt. Nokre av trinna sine resultat ligg offentleg på skoleporten.no. På trinn der det er utfordringar på enkelte områder vil det bli sett opp ein tiltaksplan. I tillegg vil skulen samle seg rundt felles utviklingsområde for tida framover.</p>	
<b>1/21</b>	<p><b>Info frå samarbeidsutvalget</b></p> <p>7.januar hadde dei årets fyrste møte. Referat ligg tilgjengeleg på skulens heimeside.</p>	
<b>2/21</b>	<p><b>Nasjonale prøver</b></p> <p>Vi fekk vi ein gjennomgang på desse i kveld. Dei vart tatt i oktober. Kvar klasse sett inn tiltak på sine grupper. Dersom det er elever som treng ekstra oppfølging vil foreldre få beskjed om det.</p>	
<b>3/21</b>	<p><b>Kva forventningar kan ein stille til klassekontakten? Kva oppgåver skal ein klassekontakt gjere?</b></p> <p>Året 2020 hadde alternative foreldremøter pga korona. Klassekontaktane uttrykte eit savn etter tradisjonelle møter der vi kan vere deltaktige.</p> <p>I forhold til 2021 håper vi på meir «aktive» foreldremøter. Få i gang gode diskusjoner og samtaler der føresette kan bygge relasjoner.</p> <p>Korleis kan me etablere god informasjonsflyt mellom føresette og klassens representant? Kva for kanal er mest hensiktmessig å bruke?</p> <p>Er det mogleg å få ein internopplæring for FAU-medlemmer for å få meir utbytte av rollen som klassekontakt og skule-heim-samarbeid?</p>	
<b>Eventuelt</b>	<p><b>Tilstandsrapport</b></p> <p>Morten tok ein kort gjennomgang av denne. Inn i denne rapporten vil vi gjerne få inn dei gode historiane. Kva er det elevane er fornøgde med på skula vår?</p> <p>Føresette oppmodas til å dele gode sitat og historier med sine klassekontakte.</p> <p><b>Ungdata:</b></p>	

	Denne blir gjennomført kvart 3.år. Februar 2020 var sist gong. Det vil bli tatt ein ny i mars dette året. For å fange opp ungdommens kvardag no som koronatiltak har prega Gol i 1 år. Ungdata er ei undersøking som tar for seg kvardagen til ungdommane. Dei svarer på spørsmål om heimesituasjon, skule og fritid. Det er 9. og 10.trinn som deltek på denne, og dei får vere anonyme i svarene sine.	
--	--	--